

Sandebakken

Av Knut Raastad, 2007



Sandebakken var husmannsplass under Sande i Nordherad og ligg i øvre del av nåverande hamnlykkje på Sande, i brattlendet mellom Ulsbu og nigard Berge.

Kor tidleg Sandebakken var busett er usikkert. Skoskatten i 1711 viser på Sande ein som heiter Halsteen, han er nemnd som husmand. I og med at det var berre ein husmannsplass til Sande, kan dette tyde på at Halsteen var husmann i Sandebakken. Kyrkjeboka viser ein Ole Sandeberget som vart vigd i 1735 og hadde sønnene Johannis (1740-1744) og Ole fødd 1744; om desse var i Sandebakken er uvisst. Anne Sandeberget vart gravlagd 1746, 74 år gammal. I lister for betalte Huus Penger er det ikkje nemnd husmannsplass under Sande i åra fram til 1780.

Soldat Ingebret Jonsen fødd ca. 1756 d.ca.1829 vart gift 4.3.1787 med Rønnov Amundsdr. f.ca. 1761 d.ca.1840. I 1798 er Ingebret nemnd som Ingebret Sandebakken. Ingebret og Rønnog flytte i 1803 til Langøy garden i Lom. Ingebret Jonsen var fødd på oppigard Garmo. Jon Knutsen sygard Storrвик 1710-1774 kjøpte Garmo i 1753. Han var gift med Rønnaug Engebretsdtr. sygard Valde 1722-1770. Ola Sande var også frå Storrвик, han var bror til Jon. Imbert var såleis syskenbarn til brukaren på Sande Knut Olsen da han var husmann i Sandebakken. Kvar Rønnaug Amundsdr. var frå er uvisst. Ingebret og Rønnog hadde 4 barn:
Jon f.1787, med i ulykka på Slådalen 1812, g.1819 m. Kari Nilsdr. Nepneset. I Nepneset.
Imbjør f.1788, g.m. Nils Byrkveen. I Byrkveen.
Rønnog 1794-1878, g.m. Hans Syversen Nystugu. I Langøy gard.
Ingri 1798-1881, g.m. Amund Ivarson. På Brimiskjellen.

Erich Ingebretsen 1775-1858 og Ragnhild Jonsdr. 1779-1859 vart gift 5.1.1804. Erich var son til Engelbret Erichsen og Anne Bondesdr., dei kan ha vore busette i Klonesbakken. Erik er nemnd i Sandebakken i 1806 som Erick Bakken, det tyder på at det var dei som overtok da Imbert Jonsen flytte til Langøy garden. Ragnhild Jonsdr. var frå nordgard Valde, dotter til Jon Hansen Valde (1723-1813) og Kari Christensdr. Fellese (1737-1792). Syster til Kari var Ingrid Fellese (1738-1822) som var gift med Knut Olsen Sande. Dermed var Ragnhild Sandebakken syskenbarn til Marit Sande som saman med mannen var gardbrukar på Sande frå 1799. På eldre dagar hadde Erik og Ragnhild føderåd i Sandebakken, men budde på Bondesons plass. Erik og Ragnhild hadde 2 barn:

Kari 1800-1861, neste brukar

Imbert f.1803 1867, g.m. Kari Knutsdr. n. Ulsanden. På n.Ulsanden og Bondeseons plass.

Kari Eriksdr. Sandeie. 1800-1861 vart 1822 gift med Ole Thoresen Qveen f.ca.1797 d.e.1875. Foreldra hans var Thore Svendsen og Ragnhild Siversdr., husmannsfolk i Kveen under Prestgarden. Ole Thoresen er nemnd som vitne i 1837, da er det brukt namnet Sandeløkken i staden for Sandebakken. Ole Thoresen og Kari Ericsdatter hadde 14 barn:

Anne 1821-1821

Ragnhild f.1822,

Thore f.1823, g.m. enkje Marit Tronsdr. Ødegaardsnæsset f.ca.1818, i 1865 er dei

forpaktarar på Ødegaardssæter m. Ødegaardsnesset. Til Amerika 1875.
Ragnhild f.1826, u.g. i 1865, budde da i Sandebakken med 2 barn:
Kari Syversdatter f.ca.1853
Ole Olsen f.ca.1858

Erik 1828-1828,
Erik f.1829, g.m. Anne Olsdatter Synnessonstuen
Hans f.1831, g.m. Tora Hansdtr. Nettet under Stokstad. På n.Ulsanden. Til Ålesund 1868.
John f.1834, neste brukar
Ole f.1837,
Hans f.1837, g.m. Anne Vetlberget f.ca.1824, g.2.m.Ragnhild. I Vetlberget..
Knud f.1840,
Anne f.1842, utflytt til Trondhjems stift i 1865
Ragnhild f.1842
Kari f.1845.

John (Jo) Olsen f.1834 overtok som husmann i Sandebakken etter faren. Kjerringa Ingeborg (eller Imbiør) Hansdatter f.1841 var frå Sveahaugen (Stokstadeie). Ho var dotter til Hans Olsen Helleløkken 1815-1899 og Kari Pålsson Kveen 1818-1913 som vart husmannsfolk på Haug under Prestgarden. John og Ingeborg hadde 9 barn:

Hans f.1861, g.m. Gunhild Olsdotter fødd 1870 og dei fekk i 1890 ei dotter Inger.
Kari f.1864 d.ca.1957, til Oppdal 1882, g.m. Per Fossheim. Fosseskalvhaugen i Drivdalen.
Anne 1867-1894, omkom i snøskriu i Jetta på tur til Dovre.
Ola f.1869, til Amerika 1898, g.m. ei frå Rennebu.
Knud f.1872,
Marit 1874-1882,
Johan 1877-1878,
Johan f.1880, ugift i 1910, budde da på Bratland.
Marit f.1883, ugift i 1910, budde da på Bratlandhaugen saman med sonen John f.1903.
John reiste seinare til Amerika

Dottera Anne Johnsdatter omkom i snøskriu i Jetta i april 1894 saman med Marit Klonesbakken og ein frå Søremsahaugen. Dei skulle til Dovre på arbeid. Etter dette vart mora sinnssvak. Folketellinga 1900 viser at da budde John Olsen att i Sandebakken saman med barna Johan fødd 1880 og Marit fødd 1883. Kjerringa Ymbjørg var da på Gaustad. Ymbjørg døydde 28.3.1936 på Presteseter 96 år gammal. John Olsen 71 år reiste til staten Washington i USA i 1905.

Etter av Jo Sandebakken reiste til Amerika vart det Gunhild Stordalen 1870-1939 som dreiv Sandebakken. Ho var dotter til John Rasmussen Stordalen 1839-1889 og Kari Syversdatter Nebbnesahaugen 1825-1914. Gunhild Sandebakken var ikkje gift, men hadde 2 barn:

Kari f.1896 f. før 1900, faren var Amund Johannessen Sveum
Kari 1902-1939, faren var Lars Kristensen Tronestad
Gunhild flytte i 1922 til øya Ona i Romsdalen der bror hennar Sivert Olsen Nebbnesahaugen f.1850 budde. Kari, dotter til Gunhild Sandebakken flytte med til Ona. Ho hadde ein sjukdom, kanskje var ho mongoloid.

Etter at Gunhild flytte, hadde Tor Raastad erter i Sandebakken fyrste året han var brukar på Sande. Dette var i 1922, men seinare vart jorda brukt av Eilev Syhågå. Seinare vart

Sandebakken lagt attåt hamnlykkja på Sande, og rundt 1932 vart stugu flytta ned til eldhus på Sande. Nå er stugu flytta til setra Lego. Låven vart seinare i 1930-åra flytta til Dalestugu. Fjøset var mura i jordbakken, men står nå utan tak.

I 1865 var buskapan 2 stk. stort kvæg og 8 får, medan udsæde var 1 tønne byg, 1/3 t. blandkorn, 1/8 t. erter og 1 tønne potet. Dette var om lag ein sjettedel av mengde korn som var sådd på Sande, medan det var 1/4 av potetene.

Kjelder:

Ola P. Hoel, Oppdal Bygdemuseum: *Sivert Fossheim 1902-1999*. 1999

Kari Bakke Storvik: *Draumen om eit bedre liv*. 1999

Pål Øystein Kvarberg: *Slekter i Vågå og Lom*. 2000

Anders Skrede, Årbok 1945: *Han Hans Vetleberget*

Martinus Høgåsen, Årbok 1958: *Hungersåret 1812*

Olav K. Finnøy, Årbok 1974: *Sivert Olsen frå Nepneshaugen i Vågå*

Jon Kolden: *Bygdabok for Lom 1*. 2000

Folketellingar 1801, 1865, 1875 og 1900

Utdrag av Kyrkjebøker

Munnleg tradisjon på Sande